



Arkivnr: 2014/13889-94
Saksbehandlar: Lise Fauskanger Ådlandsvik

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland		20.02.2018

Alle barn sykler - søknad om tilskot 2018

Samandrag

«Alle barn sykler» i Hordaland er eit sykkelopplæringsprogram for 5. klassingar i regi av Bergen 2017 AS. Målet er å gje tilstrekkeleg opplæring og skape trygghet for barn på sykkel. Alle barn sykler fekk fyrst gong tilskot frå Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) hausten 2015. Alle barn sykler fekk både i 2016 og 2017 eit tilskot frå FTU på 62.500 kr.

Bergen 2017 har no sendt inn ein søknad om tilskot for 2018 på 100.000 kr.

Økonomi: Ingen følgjer.

Klima: Fleire som sykklar gjev betre klima.

Folkehelse: Følgjer opp satsinga på god tilrettelegging for aktive barn, og betre folkehelse.

Regional planstrategi: Følgjer opp måla i regionale planar.

Forslag til vedtak

Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) tildeler Alle barn sykler 70.000 kr i tilskotsmidlar for 2018. Midlane vert utbetalt når arrangementet er avslutta.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Søknadsbrev
- 2 Totalbudsjett ABS 2018
- 3 Søknad ABS FTU 2018

Fylkesrådmannen, 16.01.2018

«Alle barn sykler» i Hordaland er eit sykkelopplæringsprogram for 5. klassingar i regi av Bergen 2017 AS. Målet er å gje tilstrekkeleg opplæring og skape trygghet for barn på sykkel. Alle barn sykler fekk fyrst gong tilskot frå Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) hausten 2015. Alle barn sykler fekk både i 2016 og 2017 eit tilskot frå FTU på 62.500 kr.

Bergen 2017 har no sendt inn ein søknad om tilskot for 2018 på 100.000 kr.

Tidlegare har Bergen 2017 AS v/ Alle barn sykler også fått tilskot frå andre einingar i Hordaland fylkeskommune For 2016/2017 var dei tildelt 500.000 kr. Fristen for å søkje om midlar frå ordninga tilskot til regionale prosjekt knytt til folkehelse, sykkelvanar for barn og unge er 15. februar, og det er såleis ikkje klart korvidt dette vert aktuelt i 2018.

Fylkesrådmannen sine kommentarar

Fylkesrådmannen ser at Alle barn sykler kan utviklast til eit godt sykkelopplæringsprosjekt. Det er ei målsetjing at flest mogleg av kommunane og skulane i fylket etter kvart kan ta del i dette. Samstundes kan arbeidet sjåast i lys av arbeidet med hjertesone rundt skulane, noko som er særst positivt.

Fylkesrådmannen rår til at prosjektet «Alle barn sykler» vert tildelt eit tilskot på 70.000 kr i 2018. Med bakgrunn i dei økonomiske erfaringane frå Sykkel VM presiserer fylkesrådmannen at midlane vert utbetalt i etterkant av arrangementet.